
Saksnr: 2020/76371-2
Saksbehandlar: Aleksander Bjørøy
Dato: 09.11.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesrådmannen

Utgreiing av bestillingstransport i Nordfjord

I budsjettprosessen for 2020 (FTING PS 14/2019) vart det gjennom verbalpunkt gjort vedtak om å «utgreie moglegheit og innsparingspotensialet i å innføre bestillingsruter for ruter med lite belegg».

Fylkesrådmannen vil i det følgjande orientere om oppstart av ny utgreiing om bruk av bestillingsløysingar for kontraksområde Nordfjord. Kontrakten i Nordfjord har ein varigheit til og med juni 2022. Oppdragsgivar har også opsjon i opp til to år utover dette, som gjer at kontrakten kan vare til juni 2024. Utgreiinga vert sett i samheng med førebuing til nytt anbod for kjøp av transporttenester for dette området.

Gjennom utgreiinga vil vi ta med oss erfaringar frå pilotprosjektet i Odda, og andre fylkeskommunar sine erfaringar frå liknande tenester.

Om utgreiinga

Busskontrakten i Nordfjord som inkluderer kommunane Stad, Stryn, Hornindal og Kinn har utløpsdato i juni 2022 med moglegheit for opp til to års forlenging gjennom oppdragsgivars opsjon. Skyss vil som førebuing til ny kontrakt i Nordfjord utgreie om det kan vere formålstenleg å innføre bestillingsløysingar på ruter med lite belegg i Nordfjord.

Målsetting

Målsettinga med denne utgreiinga vil vere å identifisere potensial for å redusere kostnader og utslepp ved å dreie tilbodet frå faste turar til fleksible transportløysingar basert på etterspurnad, og likevel kunne lage eit like godt, eller betre mobilitetstilbod enn dagens eksisterande tilbod. Det er og ein forventning om at metodikk og kunnskap frå denne utgreiinga vil være overførbar til andre område i Vestland fylkeskommune.

Framgangsmåte og leveranse

Utgreiinga vil sjå på marknadspotensial på dei ulike bussrutene og gjera ei simulering av tilbodet for å sjå effekten av å innføre bestilling på rutene. Utgreiinga vil nytte seg av allereie eksisterande data og innsikt som kundeinnsikt, passasjerdata og befolkningsdata.

Utgreiinga er planlagt klar innan mars 2021 og vil nyttast i vidare arbeid med å førebu ny kontrakt for Nordfjordområdet. Dei aktuelle kommunane vil bli invitert inn i planlegginga når arbeidet med nytt anbod startar opp.

